

Innspel frå anonym om helsetilbod til eldre

HELSA bestemmer kor lenge eg kan bo heime. Hverken politikar, sambygding, eg eller sentrale politikarar med fett program kan bestemme kor lenge eg/vi kan/skal bo heime. Det er HELSA som bestemmer. HELSA, eller mangel på helse eller velfungerande helse der ein ikkje lenger har mulighet å ta vare på seg sjølv kan kome brått, i alle aldrar, eller ein i prosess grunna sjukdom. Det er svært UKLOKT og korttenkt av Hareid kommune å «legge ned» langtids plassar. Inn i ei framtid med dokumentert aukande behov i komande år er det lite smart, ja, uforståeleg, med prognosane med lovpålagt helseteneste å fjerne denne. «Det er som å bite seg i halen».

Ein stad kryssar det òg økonomisk for kommunen, om kva som lønner seg, å la brukaren bo heime med døgnteneste eller ha institusjonsplass. Det er ikkje slik at det er nok at kommunen tilbyr ei teneste, det er lovpålagt å ta ansvar for og sørge for at brukar får/har denne tenesta til ei kvart tid. «Hårda bud?» Kanskje det, men det forundra at politikarar/kommuner kvart einaste budsjettår lefla med denne lovpålagte tenesta til innbyggjarane. Denne, desse lovene innan helsehjelp/ omsorg, pliktene til kommunen er hamra i stein uansett kor ein snur og vender på det. Start budsjettet der, så det andre etterkvart. I andre enden, for busetnad og jobb, husk sfo.